

Retningslinjer for tilskot til rekruttering, likestilling og kompetanseheving innan landbruks- og matsektoren.

MÅL:

Målet med ordninga er å styrke innsatsen innanfor rekruttering og kompetanseheving i landbruks- og matområdet.

Det er også eit mål at ordninga skal bidra til å sikre kvinner og menn like rettar i næringa

MÅLGRUPPER:

Landbruksorganisasjonar, lag, foreiningar, kommunar, kursarrangørar og vidaregåande skular kan søkje støtte til prosjekt som er innanfor ramma av desse retningslinjene.

Sogn og Fjordane fylkeskommune kan sjølv ta initiativ til å gjennomføre prosjekt som ligg innanfor virkeområdet for ordninga.

KVA OMFATTAR ORDNINGA?

Vi kan gje støtte til kurs, konferansar, seminar, fagsamlingar, studieturar, mobiliseringstiltak, kompetansetiltak, rekrutteringsprosjekt, forskning - og utviklingstiltak og andre tiltak som bidreg til formålet for tilskotsordninga.

Prioriterte områder for ordninga kan være:

- Kompetanseutvikling og kompetansehevande tiltak innanfor tradisjonelt landbruk og nye næringar
- Støtte til etter- og vidareutdanningstilbod for yrkesutøvarar i landbruket
- Støtte til kompetansetiltak som gjev vaksne med annan vidaregåande utdanning grunnleggande landbruksutdanning
- Prosjekt//tiltak knytte til rekruttering til landbruksnæringa
- Arbeid knytte til likestilling i landbruket
- Samarbeidsprosjekt mellom næringsutøvarar og vidaregåande skule innan naturbruk og matfag
- Dessutan vil tiltak som er i tråd med prioriterte innsatsområde i Næringsstrategiane for landbruket i Sogn og Fjordane også bli prioritert

SAKSHANDSAMING

Søknaden må skissere bakgrunn for prosjektet og vise til behovet for satsinga.

Søknaden må innehalde fylgjande:

- Innleiing
- Bakgrunn
- Mål
- Strategiar
- Planlagde aktivitetar /program
- Organisering
- Arrangørar og samarbeidspartar
- Kursavgift
- Framdriftsplan
- Kostnadsoverslag og finansieringsplan.
- Søkjar sitt kontonummer og eventuelt organisasjonsnummer

Søknaden sender de til:
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Askedalen 2

6863 Leikanger

Søknadsfrist er 1. Oktober

Kontaktperson: Sissel Espe

tlf: 57 65 65 22

E-post: sissel.espe@sfj.no

VILKÅR FOR TILSKOT

- Tiltaket må gjennomførast i samsvar med dei planar som er lagt fram
- Det må førast rekneskap for tiltaket som kan samanliknast med kostnadsoverslaget for tilskotet.
- Utdanning som normalt vert finansiert av Statens lånekasse får ikkje tilskot
- Dersom tiltaket ikkje vert utført etter planen kan tilskotet bli redusert
- Fylkeskommunen har til ei kvar tid høve til å kontrollere at tilskotet vert nytta etter føresetnadane.
- Ved omtale av prosjektet skal det opplysast at Sogn og Fjordane fylkeskommune har støtta prosjektet